

**Notat**

Dato: 15.03.2017  
Arkivsak: 2014/11042-115  
Saksbehandlar: evataul

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## **Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - status og melding om avgrensa høyring**

Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger var på offentleg ettersyn i perioden mai - oktober 2015. Det kom inn 44 skriftlege høyringsinnspel til planforslaget i høyringa frå statlege etatar, kommunar, næringsaktørar og organisasjonar. Statlege etatar og hovuddelen av kommunane var positive til planframlegget, mens akvakulturnæringa og nokre kommunar var kritiske.

Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.

Planframlegget gir gjennom mål og retningslinjer føringar for utvikling i kystsona i planområdet. Digitalt plankart med arealsoner illustrerer retningslinjene for å tydeleggjere dei arealmessige verknadene. Planen har eit tidsperspektiv på tolv år.

Planen har fire hovudtema:

- Berekraftig kystsonesplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsone

### **Prosess etter høyringa**

Fylkesutvalet vedtok i PS103/2016 å etablere ny styringsgruppe for den vidare prosessen opp mot vedtak i fylkestinget. På møte 17.06.2016 gjekk styringsgruppa inn for avgrensa endringar i planframlegget og vedtak i fylkestinget oktober 2016. Det vart vurdert at det ikkje var trong for ny høyring, men god prosess mot kommunane, akvakulturnæringa og regionale etatar. Det vart gjennomført administrative møter med dei 12 kommunane i planområdet, akvakulturnæringa, fylkesmannen og fiskeridirektoratet. Planarbeidet vart også presentert på møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland der leiar av styringsgruppa deltok. I etterkant av møterunden kom det skriftlege innspel frå Sjømat Norge, Fylkesmannen i Hordaland og ordførarane i Austevoll og Tysnes. Innspela har kravd ytterlegare tid til prosess og avklaringar.

Styringsgruppa har hatt til saman fem møte. På siste møte 10.02.2017 var styringsgruppa samd i at revidert framlegg til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger bør sendast på avgrensa høyring.

I høyringsperioden vert det lagt opp til dialogmøter mellom styringsgruppa og Sjømat Norge, arbeidsgruppa for Interkommunal strandsoneplan, Fylkesmannen i Hordaland og kommunane Tysnes og Austevoll.

### **Tilrådde endringar**

Ein har i prosessen med kystsoneplanen forsøkt å etablera ein god balanse mellom bruk og vern av sjøområda. Ein del av arbeidet har vore knytt til å finne det rette nivået når det gjeld graden av detaljstyring av den arealavklaringa kommunane skal gjera i neste runde. Retningslinene og plankartet er meint å styrke kommunane i arbeidet med å finne ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar. Planen har tatt nokre konkrete grep for å avklara balansen mellom bruk og vern. Samstundes er planen fleksibel og gir kommunane handlingsrom til å vurdere lokale tilpassingar der det er hensiktsmessig.

Det er gjort eindel endringar i planframlegg og plankart:

- Retningslinene er samla og revidert.
- Verknadene for arealsone landskapsområde er tydeleggjort.
- Moglegheit for lokalt handlingsrom for ny teknologi og nye artar knytt til havbruksnæringa er sikra.
- Retningslinjer for strandsona er forenkla.
- Kunnskapsgrunnlaget er oppdatert.
- Areal i gjeldande kommuneplanar er inkludert i plankartet gjennom arealanalyse.
- Arealinnspel frå høyringa er tatt inn etter arealanalyse.
- Omsynssoner for regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er erstatta med reviderte arealsoner for landskapsområde.
- Omsynssone for forslag til marint verneområde er tatt ut av plankartet og sikra i retningslinjene.

### **Ny høyring**

Fylkesrådmannen har vurdert at dei endringane som er gjort, ikkje er så store at dei krev ny formell høyring. Med bakgrunn i behov for forankring i kommunane og akvakulturnæringa er det bestemt å sende planframlegget på avgrensa høyring til kommunane, regionale statsetatar og relevante nærings- og miljøvernorganisasjonar i seks veker.

### **Utsett vedtak i fylkestinget**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har i brev av 07.03.17 bedt om utvida frist til hausten 2017 i høve til arbeidet med interkommunal strandsoneplan og for å sikre at alle kommunane kan få handsama høyringsframlegget i kommunestyra. Det er gitt utsetjing av høyringsfristen til 12.mai 2017 for å sikre kommunestyrehandsaming. Det er usikkert når arbeid med interkommunal strandsoneplan er ferdig. Det er difor vanskeleg å utsetje høyringsfristen i påvente av dette arbeidet.

Utsetjing av høyringsfristen førar til at planen ikkje kan vedtakast på fylkestinget i juni 2017, men må slutthandsamast i oktober 2017.